

2NO35-3 og 2NOL51-31 Språk og samfunn (årsstudium i norsk og lektor m/norsk) – 15 stp

Type: *Individuell heimeeksamen/innlevering (opplasting av fil) i Inspera*
Tid: *Torsdag 19. mai 2022, kl. 09.00-15.00 (6 timar)*
Målform: Nynorsk (med mindre ein har fritak)
Dette eksamenssettet finst berre på nynorsk sidan dette er eit krav knytt til sjølve emnet.

Oppgåvetekstane står på side 3 og 4 i dette eksamenssettet.

Formelle sider ved innleveringa

(Den formelle eksamenstekniske informasjonen er også formidla i Canvas før sjølve eksamensdagen.)

Gjer deg kjend med rutinane og retningslinjene for innleveringa:

<https://www.inn.no/for-studenter/eksamen/>

<https://www.inn.no/for-studenter/eksamen/hjemmeeksamen-innlevering/>

Det er ikkje nødvendig å føre opp ei eiga kjeldeliste dersom du gjer det klart at du byggjer framstillinga di på pensumlitteraturen, og du ikkje bruker direkte sitat eller viser direkte til konkrete forfattarar eller stader i pensumlitteraturen. Men ved alle konkrete referansar gjeld sjølvstakt vanleg referanseskikk og -teknikk, som du kan lese om meir på:

<https://www.inn.no/bibliotek/oppgaveskriving/>

<https://www.inn.no/bibliotek/oppgaveskriving/kildehenvisninger-og-litteraturliste/>

Alle oppgavesvara blir automatisk sjekka av plagiatskontrollsystemet som er knytt til Inspera, og som sender melding til sensorane om kor mange prosent i teksten som er identisk med andre tekstar. Dersom du er usikker på reglane for plagiat, kan du lese meir om dette her:

<https://www.inn.no/bibliotek/oppgaveskriving/unnga-plagiering/>

Gjer deg eventuelt også kjend med:

Forskrift om opptak, studier og eksamen ved Høgskolen i Innlandet

[https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-01-26-](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-01-26-98?q=h%C3%B8gskolen%20i%20innlandet)

[98?q=h%C3%B8gskolen%20i%20innlandet,](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2017-01-26-98?q=h%C3%B8gskolen%20i%20innlandet)

spesielt §8 om fusk.

Denne eksamenen er eit individuell heimearbeid. §8.1 i forskrifta definerer bl.a. «å ha deltatt i regelstridig samarbeid mellom eksamenskandidater eller grupper.» som fusk. Det står også eksplisitt: «Kandidater som forsettlig medvirker til fusk hos andre, ansees også for å ha fusket, uavhengig av eksamensform.», og: «Dersom det ved sensurering av individuell eksamen viser seg at to eller flere besvarelser klart bygger på samme originalarbeid, eller har samme opphavsmann, eller i stor grad har felles disposisjon eller materielt innhold, regnes det som fusk hos alle de involverte.»

Emneplanen for Språk og samfunn

Eksamensoppgåvene speglar att dei faglege måla i emneplanen/emneplanane for Språk og samfunn (årsstudiet og lektorstudiet i norsk):

<https://ez.inn.no/content/view/full/184527/language/nor-NO>

<https://ez.inn.no/content/view/full/184583/language/nor-NO>

Emneplanen spesifiserer mål for læringsutbytte og kompetanse, som då bl.a. gjeld kunnskap om nordisk språkhistorie og språkpolitikk, norske dialekter og varietetar. Ein skal kunne analysere og kommentere språklege fenomen i t.d. historiske tekstar (norrønt og mellomnorsk) og talemålsprøver, og ein skal kunne reflektere over språkleg mangfald, språkutvikling og språkpolitikk. Generelt skal ein kunne vurdere tekstar og språkbruk ut frå eit historisk, sosiologisk/sosiolingvistisk og politisk perspektiv og drøfte og formidle sentralt fagstoff på begge målformer.

Vurderingskriterium

Ved vurderinga tek ein utgangspunkt i dei fagspesifikke kriteria for nordiskfaget, som t.d. står publiserte hos UiO: <https://www.uio.no/studier/eksamen/karakterer/fagspesifikk-karakterbeskrivelse/hf-iln-nordisk.html>:

På alle nivåa i nordiskfaget er det tre hovudaspekt som skal målast ved eksamen

- kunnskapsinnhaldet
- evne til problemløysing og kritisk innsikt i fagstoffet
- språkføring

Til eksamen vil det generelt vere slik at alvorleg svikt på eitt av desse overgripande punkta vil føre til stryk, same kor godt dei andre aspekta er meistra.

Eksamensoppgåver

Svar på to av dei tre oppgåvene nedanfor.

Begge oppgåvene må vurderast som *tilstrekkeleg* for at eksamenen skal reknast som *greidd*.

Målforma for eksamenssvaret er nynorsk med mindre du har søkt om fritak.

Oppgåve 1: Sosiolingvistikk/språkleg variasjon

Bakgrunnstekst:

Anette Sagen var for ti år sidan Noregs beste kvinnelege skihoppar. Ho er vaksen opp i Mosjøen i Nordland, og har fått kritikk for å ha snakka «søring» i fjernsynsintervju. Her er eit utdrag frå ein NRK-artikkel om dette for snart ti år sidan:

- 1 Anette Sagen er opprinnelig fra Mosjøen, men under helgens NM i hopp snakket hun «søring» da
- 2 hun ble intervjuet av NRK etter rennet.

- 3 – Jeg har fått masse reaksjoner. Hver gang jeg har vært på tv har jeg fått halvspydige kommentarer
- 4 på Twitter. Det er ikke mye koselig, sier den meritterte skihopperen til avisen Nordlys.

- 5 Anette Sagen er fra Mosjøen. Men nå har klokko blitt til klokka. Sagen har ikke bodd i Nord-Norge på
- 6 11 år, og bor nå utenfor Drammen.

- 7 – Jeg regner med at det skyldes at jeg ikke har bodd i Nord-Norge på en stund. Det er kanskje litt
- 8 synd at jeg har byttet, men det er ikke lett å tvinge den gamle tilbake, sier 27-åringen.

- 9 Helt borte er likevel ikke den originale dialekten fra Mosjøen på Helgeland.

- 10 – Når jeg har vært hjemme hos foreldrene mine en stund, så snakker jeg bredere igjen, forsikrer
- 11 bronsevinneren fra VM i Liberec.

- 12 – Ikke sikkert det er lurt

- 13 Språkforsker Sylfest Lomheim fastslår at det står alle fritt til å snakke slik de vil, og at de kan endre
- 14 og justere så mye de vil på talespråket sitt. Men han er ikke sikker på hvor lurt det er.

- 15 – Du skal ikke tukle for mye med det som er ditt naturlige talemål og identitet, mener
- 16 språkforskeren.

(Utdrag frå artikkel av Budal, Vang og Plassen på nrk.no 28.11.2012.

<https://www.nrk.no/nordland/sagen-far-kjeft-for-dialektrot-1.8835388;>) linjenummer 1, 2, 3... er lagde til)

Oppgåvetekst:

Drøft kva slags haldningar til språkleg identitet og språkleg variasjon som kjem til uttrykk i tekstutdraget. Førestill deg så at du skal førebu ei kvalitativ undersøking av haldningar til språk i eit toppidrettsmiljø der utøvarar frå ulike delar av landet er med. Føreslå og forklar sosiolingvistiske og metodologiske omgrep som kan vere sentrale i ei slik undersøking.

Oppgave 2: Målførekunnskap/eldre språkhistorie

Målføret tekst:

1 MOSJØEN: UNGDOM OG FRITID I VEFSN

- 2 Før i tiæ, når ongdåmmen varþ nødt før å jølp tel mæ å skaff dæ daglie brø,
3 så æksiterþ dæ'kje nåkko fritidsproblem. Skoļegangen va kårþar, å di såm va ong,
4 kåm se tilear ut i arbeidslive en di jær no. Det hær resulterþ i at di fækk ansvar
5 mykkje tilear, å di slapp å bry se mæ ke di sku jær om kvellan.
6 I dag e situaşjon en helt annæ: Di såm e ong, ha fådd meir friti, og şjøl om di
7 av og tel kann ha dæ travelþ på skoļn, så e'kje skoļongdåmmen bestandi opptatt
8 a læksår. Dærme så må di få nåkko annæ å hæng fengran i.

(To avsnitt frå ei tekstprøve i Øksendal, Kjell M. (1985). *Dialekt og nynorsk. Hjelp bok for nynorskopplæring. Nordland*. Oslo: Universitetsforlaget, s. 40)

Oppgåvetekst:

Argumenter fagleg og systematisk for korfor dette korte tekstutdraget gjev eit godt nok grunnlag til å heimfeste dialekta. Kommenter kva for eit sentralt dialekttrekk som lærebokforfattaren ikkje valde å markere i transkripsjonen sin. Kommenter også kva type døme på målmerke som ikkje er representert i teksten, men som du ville ha venta å finne dersom han hadde vore lengre. Vis til linjetal når du bruker døme.

Tilleggsspørsmål: I linje 8 ser ein ordforma *læksår*. I den same teksten (i eit avsnitt som ikkje er teke med ovanfor) finn ein også forma *pængæ* (*Iddrættsongdåmmen ha då åg fådd sin del a kako nårðæ jell pængæ i ongdåmsarbeie*). Bruk kunnskapar om eldre språkhistorie for å forklare forma *læksår*.

*Tilleggsspørsmålet er ikkje obligatorisk eller avgjerande for å greie denne oppgåva, men vil kunne telje positivt i ei heilskapsvurdering.

Oppgave 3: Nyare språkhistorie/språkpolitikk

Bakgrunnstekst:

I den nye språklova som gjeld frå 2022, står det i paragraf §4 Norsk språk:

Norsk er det nasjonale hovudspråket i Noreg.

Bokmål og nynorsk er likeverdige språk som skal kunne brukast i alle delar av samfunnet. I offentlege organ er bokmål og nynorsk jamstilte skriftspråk.

(<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-05-21-42>)

Oppgåvetekst:

Drøft termene og innhaldet i denne paragrafen, der du forklarar den historiske bakgrunnen og utviklinga og reflekterer over sentrale personar og hendingar som kan vere relevante å trekkje inn. Diskuter også konsekvensar for samfunnet og utdanningssystemet.